



KOPI

Alver kommune v/saksbehandler

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10442 - 22/223

Saksbehandler:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
04.01.2022

## Svar på søknad om endra eller utvida bruk av avkjørsel - gbnr 170/3 Vatne

**Tiltak:** Endra/utvida bruk av avkjørsle  
**Byggjestad:** Vatne 45 – Gbnr 170/3  
**Tiltakshavar:** Ranveig Vatne  
**Ansvarleg søkjar:** Ranveig Vatne


Saka gjeldt søknad om tillatelse til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg i samband med frådelling av eksisterande kårhus, datert 13.12.2021.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:


I anledning søknad om frådelling av kårhus på eigedomen i samband med generasjonsovertaking vert det søkt om godkjenning av avkjørsle til ny tomt.

Dei to husa, Vatne 45 og 47 vart bygd samstundes i 1972/73 og fekk den gong godkjent avkjørsle. Vatne 47 er ei frådelt eigedom som det er gjeve vegrett til frå kommunal veg og fram til huset, jf. kart. Same veg har og kårhuset og nytta etter at avkjørsle frå kommunal veg vart godkjent. Det vil ikkje verta noko endring i trafikkende på vegen då kårhus framleis skal vera i familien si eige. Det skal ikkje byggast noko nytt i samband med frådelinga.



### Vurdering/drøfting:

Avkjørsle det søkaste om utvida bruk av ligg i enden av kommunal snuplass. Avkjørsle er tilkomstveg til bustader på gbnr 170/3 (Vatne 43 og 45) og 170/13 (Vatne 47).



Kårhus på hovudbruket, med adresse Vatne 45, skal delast i frå. Utvida bruk av eksisterande avkjørsle gjeld til ny eigedom som skal delast frå.

### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samdersel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle i samband med frådeling av kårhus (Vatne 45). Utvida bruk av avkjørsle følgjer ny eigedom.

### **Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle med heimel i Veglova §§ 40-43.

### **Løyve er gjeve på følgjande vilkår:**

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §40-43, samt Vegnormal N100. I gjeldande regelverk vert det, blant anna, sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne sne på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsone skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

For ytterligere informasjon om krav til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen sin heimeside: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no). Vedtaket gjeld avkjøringsløyve. Dersom det må utførast tiltak for at avkjørsle skal stette Vegdirektoratet sine krav, kan dette være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Evt. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrregulativ.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det

vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Alver kommune v/saksbehandler

### **Mottakarar:**

Ranveig Vatne

Vatne 43

5912

SEIM